

NOREGS BANK MEMO

Utviklingstrekk i kunderetta
betalingsformidling – 2013

NR 1 | 2014



NOREGS BANK

Noregs Bank Memo Nr. 1 | 2014

Noregs Bank

Adresse: Bankplassen 2

Post: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo

Telefon: 22316000

Telefaks: 22413105

E-post: central.bank@norges-bank.no

Internett: <http://www.norges-bank.no>

Trykk: 07 Media AS

ISSN 1894-0269 (papir)

ISSN 1894-0277 (online)

ISBN 978-82-7553-808-4 (trykk)

ISBN 978-82-7553-807-7 (online)

Utviklingstrekk i kunderetta betalingsformidling – 2013

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2014

Talet på kortbetalningar auka vidare i 2013. Norske innbyggjarar er framleis i verdstoppen når det gjeld kortbetalningar per år. Samtidig minka uttaket av kontantar frå minibankar og uttak i samband med varekjøp¹. Det kan indikere at kontantar blir brukte stadig sjeldnare i Noreg. Kortbruken i utlandet og kortbruk i samband med varekjøp over Internett heldt fram å vekse sterkt i 2013. Dette har medverka til at bruken av internasjonale betalingskort utgjer ein stadig større del av den samla kortbruken.

Statistikken som blir nytta i dette notatet, er utarbeidd av Statistisk sentralbyrå på vegner av Noregs Bank. Utførlege tabellar er vedlagde dette dokumentet og i tillegg publiserte på Noregs Bank sine internettsider. Statistikken blei tidlegare presentert i Årsrapport om betalingssystem frå Noregs Bank.

1 Bruk av betalingsinstrument

I hovudsak finst det to typar betalingsmiddel: kontantar og bankinnskot (kontopengar). Betalingsmidla kan disponerast ved bruk av betalingsinstrument. Betalingskort og girobetalningar er døme på betalingsinstrument som gjer kontopengar tilgjengelege. Kontantar kan nyttast utan bruk av andre instrument og er derfor både betalingsmiddel og betalingsinstrument.


Girobetalningar

Figur 1.1 viser utviklinga i bruken av elektroniske betalingsinstrument. Totalt blei det utført snautt 2,3 milliardar transaksjonar i 2013. Betalingskort stod for rundt rekna 70 prosent av transaksjonane, medan dei resterande transaksjonane var debet- og kreditoverføringar (girobetalningar). Sidan 2001 har talet på debet- og kreditoverføringar² auka med i overkant av 50 prosent, medan talet på betalningar med betalingskort har auka med nærmare 300 prosent.

1 Omfattar også kjøp av tenester

2 Debetoverføring: Pengeoverføring som mottakaren har sett i gang.
Kreditoverføring: Pengeoverføring som betalaren har sett i gang.


Figur 1.1 Bruken av elektroniske betalingsinstrument. Millionar transaksjonar. 2001–2013



Kjelde: Noregs Bank

Verdien av debet- og kreditoverføringane summerte seg til i overkant av 14 000 milliardar kroner i 2013, sjå figur 1.2. Bruken av betalingskort i samband med varekjøp utgjorde samla sett i overkant av 600 milliardar kroner. Gjennomsnittleg beløp for desse betalingane var i underkant av 400 kroner.

Figur 1.2 Bruken av elektroniske betalingsinstrument. Milliardar kroner. 2001–2013




Kjelde: Noregs Bank

I realverdi har debet- og kreditoverføringane halde seg rimeleg stabile dei siste seks-sju åra. Den reelle verdien av kortbetalingane har i den same perioden auka med om lag 14 prosent.

Personkunder står for godt over halvparten av alle debet- og kreditoverføringar. Av dette utgjør nettbankbetalingar den klart største kategorien, sjå figur 1.3. Nettbankbetalingar, mobilbetalingar og avtalegiro auka vidare i 2013. Det er framleis ein viss bruk av blankettbaserte girobetalingar, men omfanget minkar for kvart år.

Figur 1.3 Debet- og kreditoverføringer fra personkunder. Millionar transaksjoner. 2001–2013



Kjelde: Noregs Bank

I 2013 utførte person- og føretakskunder 435,8 millionar nettbankbetalingar, ein auke på 2 prosent frå året før. Nettbankbetalingane (inkluderer ikkje AvtaleGiro) utgjør om lag 70 prosent av alle rekningsbetalingar.

Talet på mobilbankbetalingar³ (i hovudsak frå personkunder) auka frå 3,3 millionar i 2012 til 9 millionar i 2013. I Finans Norge si daglegbankundersøking⁴ fann ein at 39 prosent av befolkninga over 15 år nytta mobilbank i 2014.

Talet på blankettgirobetalingar frå bedrifter og privatpersonar fall med 11 prosent frå 2012 til 2013 og utgjør no 3,2 prosent av rekningsbetalingane.

Bruken av direkte debitering (stort sett AvtaleGiro) auka med 7 prosent frå året før, og står for 13,8 prosent av rekningsbetalingane. Både mottakaren og betalaren må ha avtale med banken sin for at det skal kunne gjennomførast ei direkte debitering. Ved utløpet av 2013 fanst det nær 15,6 millionar avtalar om direkte debiteringar mellom kunder, bedrifter og bankar. Det er ein auke på 8 prosent frå 2012.

AvtaleGiro kan kombinerast med e-faktura. Ved utgangen av 2013 fanst det nær 12 millionar slike avtalar for personkunder, 25 prosent fleire enn ved utgangen av 2012. No kan 1220 føretak sende ut e-fakturaer. Det er ein auke på 14 prosent frå 2012 til 2013.

Kortbetalingar


I 2013 blei det gjennomført 1,75 milliardar transaksjonar⁵ med norske betalingskort, ein auke på 7,7 prosent frå 2012. I gjennomsnitt brukte kvar innbyggjar kortet 347 gonger i 2013, sjå figur 1.4. Gjennomsnittleg verdi på korttransaksjonane i 2013 var 443 kroner, ned frå 456 kroner i 2012.

³ Gjeld særskilde mobilbankløysingar.

⁴ Finans Norge og TNS Gallup (2014)

⁵ Inkluderer varekjøp med og utan kontantuttak og uttak frå minibankar


Figur 1.4 Talet på korttransaksjonar per innbyggjar per år og verdi per korttransaksjon i kroner. 2001–2013



Kjelde: Noregs Bank

Totalt er det utferda om lag 12,5 millionar norske betalingskort, sjå figur 1.5. Talet på utferda kort har auka årleg sidan slike kort blei lanserte i siste halvdel av 1970-åra, men frå 2012 til 2013 var det ein liten nedgang.


Figur 1.5 Talet på utferda norske betalingskort. I heile tusen. 2001–2013



Kjelde: Noregs Bank

Talet på transaksjonar i det norske debetkortsystemet BankAxept auka med 5,2 prosent frå 2012 til 2013, sjå figur 1.6. Talet på transaksjonar med internasjonale betalingskort (debet-, kreditt- og faktureringskort) auka med heile 17,8 prosent.


Figur 1.6 Bruk av norske betalingskort¹. Millionar transaksjonar. 2001–2013



Kjelde: Noregs Bank

Marknadsdelen for BankAxept-kort har minka, men er framleis høg, sjå figur 1.7. Prosentdelen har falle frå 88 i 2001 til 78 i 2013. Prosentdelen av den samla kortbruken for internasjonale debetkort har stige frå 7 til 13 i den same perioden, og for internasjonale kredittkort har prosentdelen stige frå 2 til 8. Endringane i prosentdelane av den samla kortbruken har nok i stor grad samanheng med auka kortbruk i utlandet og auka internetthandel. BankAxept-kort kan med få unntak berre nyttast innanlands, og blir ikkje nytta ved kjøp over Internett. Dersom vi ser bort frå slik kortbruk, var BankAxept sin del av den samla kortbruken 89 prosent i 2013, mot 92 prosent i 2001.

Figur 1.7 Bruk av norske betalingskort etter funksjon og utferdar. Prosent av alle transaksjonar. 2001–2013




Kjelde: Noregs Bank

Figur 1.8 viser at det har vore ein sterk auke i varekjøp over Internett med norske betalingskort dei siste åra. I 2013 blei det gjennomført 95,4 millionar transaksjonar over Internett, ein auke på 28 prosent frå 2012. Verdien på varekjøpa utgjorde

59,7 milliardar kroner i 2013, ein auke på 13 prosent frå 2012. Det er spesielt internettkjøpa frå utlandet som har vakse sterkt dei siste åra.


Figur 1.8 Varekjøp over Internett med norske betalingskort. 2007–2013



Kjelde: Noregs Bank

Varekjøpa over Internett utgjer ein stadig større del av dei totale varekjøpa med betalingskort, sjå figur 1.9. I 2013 utgjorde internettkjøpa 5,7 prosent av alle kortkjøp. Dei utgjorde 9,4 prosent av den samla verdien av alle transaksjonar med norske kort.


Figur 1.9 Varekjøp over Internett med norske betalingskort som prosentdel av alle varekjøp med norske kort. 2007–2013



Kjelde: Noregs Bank

Figur 1.10 viser den samla bruken av norske betalingskort i utlandet, både i terminal og over Internett. I 2013 auka kortbruken med om lag 25 prosent, til 193 millionar transaksjonar. Kortbruken i utlandet utgjorde om lag 11 prosent av alle transaksjonar med norske kort i 2013. Målt i verdi utgjorde kortbruken i utlandet drygt 15 prosent av totalverdien av korttransaksjonane.


Figur 1.10 Bruk av norske betalingskort i utlandet. Millionar transaksjonar. 2001–2013



Kjelde: Noregs Bank

Figur 1.11 viser at Noreg er mellom dei landa der folk bruker kort oftast for å betale for varer og tenester. Noko av grunnen til dette er nok at vi har eit godt utbygd og effektivt debetkortsystem. Kortbruken på Island er endå meir omfattande enn i Noreg. I tillegg til å bli nytta ved varekjøp og kontantuttak, blir betalingskort også nytta ved rekningsbetalingar på Island.

Figur 1.11 Korttransaksjonar per innbyggjar i utvalde land. Betalingar og kontantuttak. 2012




Kjelder: Noregs Bank, ESB, BIS, Sedlabanki Islands

Kontantar

Samtidig som kortbruken aukar, minkar bruken av kontantar. Figur 1.12 viser talet på uttak av kontantar frå minibank og ved varekjøp og verdien av desse uttaka. Det blei gjennomført 66,8 millionar uttak frå minibankar i 2013, 9 prosent færre enn i 2012. Det blei gjort 51,1 millionar uttak av kontantar i samband med varekjøp i 2013. Det var også 9 prosent færre uttak enn året før. Det gjennomsnittlege uttaket frå minibankar i Noreg var 1484 kroner i 2013, medan det gjennomsnittlege uttaket ved varekjøp var 425 kroner. I 2001 var tilsvarende gjennomsnittsbetrag 1062 kroner og 360 kroner.

Figur 1.12 Uttak av kontantar frå minibank og ved varekjøp¹. 2001–2013




¹ Tala for kontantuttak ved varekjøp fram til 2006 er baserte på overslag frå Nets (tidlegare BBS) og Noregs Bank. Frå og med 2006 gjeld tala berre registrerte kontantuttak.

Kjelde: Noregs Bank

Ein brukar kan få tak i kontantar i bankar, i minibankar og på mange handelsstader. Talet på minibankar per innbyggjar har gått litt ned sidan 2008, sjå figur 1.13. I 2013 var det 0,42 minibankar per tusen innbyggjarar. Talet på betalingsterminalar på handelsstader har auka dei siste åra. I 2013 fanst det nær 28 slike terminalar per tusen innbyggjarar. I alt var det i Noreg 2115 minibankar og 139 884 betalings-terminalar i 2013.

Figur 1.13 Betalingsterminalar og minibankar per tusen innbyggjarar. 2001–2013




Kjelde: Noregs Bank

Talet på kontantuttak frå minibankar minka med 8,9 prosent frå 2012 til 2013. Bruken per minibank minka med 7,1 prosent. Kvar minibank blei i gjennomsnitt nytta til 31 584 uttak, sjå figur 1.14.

Bruken av betalingsterminalar auka med 6,3 prosent frå 2012 til 2013. Bruken per terminal auka med 3,2 prosent. Kvar terminal blei i gjennomsnitt nytta 10 248 gonger.


Figur 1.14 Bruken av betalingsterminalar og minibankar. Per år. 2001–2013



Kjelde: Noregs Bank


Verdien av kontantar som del av verdien av betalingsmiddel som publikum disponerer (M1), heldt fram å falle i 2013, og utgjorde dette året 5,5 prosent, sjå figur 1.15. Det er lågt i ein internasjonal samanheng, sjå figur 1.16. Den gjennomsnittlege verdien av kontantar i omløp utgjorde knapt 50 milliardar kroner i 2013, og har endra seg lite dei siste åra.

Figur 1.15 Verdien av kontantar i omløp som prosentdel av verdien av betalingsmiddel (M1), konsumet i hushalda og BNP for Fastlands-Noreg. 2001–2013



Kjelder: Statistisk sentralbyrå, Noregs Bank

Figur 1.16 Kontantar som prosentdel av betalingsmiddel i utvalde land. 2012



Kjelder: Noregs Bank, ESB, BIS, Sedlabanki Islands

2 Prisar og inntekter i betalingsformidlinga

Prisar

Tabell 2.1 gir informasjon om prisar for ulike bank- og korttenester. Prisane er lågare for kundar som er med i bankane sine kundeprogram, enn for dei som står utanfor slike program.

Gjennomsnittleg årsavgift for BankAxept-kort kombinert med det internasjonale kortet Visa var ved inngangen til 2013 om lag 218 kroner for kundar innanfor kundeprogram og 277 kroner for kundar som står utanfor slike program. For dei førstnemnde er det ein reduksjon på 0,5 prosent, og for dei sistnemnde ein auke på 3,2 prosent frå året før. Gjennomsnittsprisen på eit varekjøp med BankAxept var ved inngangen til 2014 null for kundar i program og 1,70 kroner for kundar utanfor program.

Tabell 2.1 Personkundar. Prisar på innanlandske betalingstransaksjonar og kontantuttak. Vekta gjennomsnittsprisar per 1. januar. Kroner

	Prisar frå og med 2004 til og med 2008			Prisar frå og med 2010 til og med 2014									
				Ikke programkundar					Programkundar				
	2004	2006	2008	2010	2011	2012	2013	2014	2010	2011	2012	2013	2014
Betalingstransaksjonar													
Nettbank med KID, pris per betaling	2,0	2,1	2,0	1,6	1,5	1,7	1,3	1,5	0,1	0,0	0,0	0,0	0,0
Nettbank, årsavgift	:	:		29,0	10,6	19,6	14,2	16,2	0,2	0,3	1,6	1,5	1,5
AvtaleGiro, pris per betaling	:	:	2,1	1,6	1,5	1,6	1,4	1,5	0,1	0,0	0,0	0,0	0,1
Mobilbank med KID, pris per betaling	:	:	:	1,7	1,6	1,7	1,3	1,5	0,1	0,1	0,0	0,0	0,0
Mobilbank – overføringar mellom egne kontoar	:	:	:	0,2	0,2	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1	0,0	0,0	0,0
Mobilbank – SMS-info				2,4	2,5	2,5	2,4	2,2	1,8	2,1	1,3	1,1	1,3
Brevgiro, pris per betaling	6,5	6,9	7,0	7,2	7,5	8,1	8,8	8,8	7,7	8,1	8,3	9,2	9,4
Giro over skranke frå konto, pris per betaling	30,0	33,4	33,6	46,9	49,0	56,5	63,3	62,1	38,6	39,9	54,7	61,3	59,9
Giro over skranke med kontant betaling, pris per betaling	41,9	42,0	43,7	62,8	63,4	79,1	81,8	83,1	57,4	59,9	78,5	80,5	83,2
BankAxept-kort i betalingsterminal, per betaling	2,1	2,3	2,3	1,7	1,6	1,8	1,5	1,7	0,0	0,0	0,1	0,0	0,0
Årspris på internasjonale kredittkort				136,9	158,5	150,3	145,8	153,6	17,5	20,2	27,1	14,3	32,2
Årspris på BankAxept (kombinert med internasjonalt debetkort)	265,9	260,7	266,6	243,3	246,2	260,7	268,2	276,8	192,1	191,1	209,3	218,8	217,6
Minibankuttak med debetkort													
Eigen minibank i opningstida, pris per uttak	0,0	0,2	0,2	0,3	0,3	0,3	0,1	0,1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Eigen minibank utanom opningstida, pris per uttak	3,9	3,9	3,8	2,5	2,4	2,5	2,7	3,1	0,0	0,0	0,1	0,0	0,1
Andre bankar sine minibankar i opningstida, pris per uttak	4,7	6,4	6,6	5,0	4,9	4,9	4,9	5,6	5,1	5,2	5,5	4,8	5,4
Minibankuttak med internasjonale kredittkort													
Eigen minibank i opningstida, pris per uttak	:	:	:	25,3	25,3	24,4	23,9	27,4	29,8	29,4	29,3	30,1	28,2
Andre bankar sine minibankar i opningstida, pris per uttak	:	:	:	25,4	24,9	24,5	24,0	27,5	29,9	29,5	29,4	30,2	28,3

Kjelder: Noregs Bank, Finansportalen


Prisane for betaling av rekningar varierer mykje mellom dei ulike betalingsformene. Papirbaserte og manuelle betalingstenester er klart dyrast. Prisane på brevgiro og kontant betaling av giro i skranke steig vidare gjennom 2013.

Det er stort sett gratis å ta ut pengar i opningstida frå ein minibank som tilhøyrrer eigen bank. Uttak frå minibankar som tilhøyrrer andre bankar, kostar i opningstida 5,40 kroner i eit kundeprogram og 5,60 kroner utanfor eit kundeprogram, ein oppgang på høvesvis 12,5 og 14,3 prosent frå 2012. Listeprisen på nettbankbetalingar utanfor kundeprogram ligg på 1,50 kroner. Betalingar frå nettbank er gratis for kundar i kundeprogram.

Inntekter

I 2013 hadde bankane nesten 7 milliardar kroner i inntekter frå betalingsformidlinga. Det er ein auke på om lag 0,3 milliardar kroner sidan 2012, sjå figur 2.1. Inntektene frå betalingsformidlinga har følgd utviklinga i andre inntekter for bankane. Den største delen av inntektene frå betalingsformidlinga kjem frå betalingskort, om lag 63 prosent. I 2006 kom 55 prosent av inntektene frå kort.

Figur 2.1 Bankinntekter frå betalingsformidling og netto rente- og provisjonsinntekter. Milliardar kroner. 2006–2013



Kjelder: Statistisk sentralbyrå, Noregs Bank

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Folketal (per 1. jan., millionar)	4,51	4,53	4,56	4,58	4,61	4,65	4,69	4,75	4,81	4,87	4,92	4,99	5,05
BNP, marknadsværdi (milliardar kroner)	1 537	1 532	1 592	1 753	1 959	2 181	2 306	2 560	2 357	2 544	2 751	2 909	3 004
BNP Fastlands-Noreg, marknadsværdi (milliardar kroner)	1 180	1 225	1 273	1 366	1 465	1 603	1 757	1 863	1 876	1 987	2 075	2 191	2 319
Forbruket i hushalda (milliardar kroner)	641	670	710	757	798	853	911	958	979	1 041	1 077	1 120	1 174
Kurs mot euro (årgjennomsnitt)	8,05	7,51	8,00	8,37	8,01	8,05	8,02	8,22	8,73	8,01	7,79	7,47	7,81

Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum (ved årsslutt, millionar kroner)

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Pengemengda (M2)	818 858	882 915	904 217	972 013	1 085 330	1 233 749	1 440 205	1 494 802	1 529 940	1 609 936	1 709 189	1 773 712	1 881 477
Betalingsmiddel i alt (M1)	384 630	399 712	427 689	472 058	552 246	679 503	760 448	736 491	744 260	788 613	828 816	826 016	876 484
Setlar og myntar	42 038	40 283	41 685	43 340	46 530	48 247	49 543	49 128	48 399	48 725	48 983	48 408	48 454
Innskot på transaksjonskontoar	342 592	359 429	386 004	428 718	505 716	631 256	710 905	687 363	695 861	739 888	779 833	798 079	828 030
Andre innskot	370 171	409 704	407 457	423 184	435 483	473 108	559 351	657 162	693 888	731 271	780 481	868 558	930 962
Banksertifikat og delar i penge-marknadsfond	64 057	73 499	69 072	76 771	97 601	81 138	120 406	101 149	91 792	90 052	99 892	79 138	74 031

Tabell 3: Likviditeten i banksystemet (millionar kroner). Årgjennomsnitt

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Bankane sine folioinnskot i sentralbanken	11 804	15 647	24 690	21 337	28 666	24 536	24 867	41 713	75 111	46 832	46 498	32 167	32 981
Bankane sine innskot til reserverente i sentralbanken	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	1 039 ¹	1 312	923
Innskot til sentralbanken (F-innskot)	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	26 344 ¹	11 402	9 527
Utlån frå sentralbanken (F-lån + D-lån)	13 356	538	2 978	18 788	14 694	34 411	46 670	67 515	66 242	72 759	32 351	15 352	15 806

1 Gjennomsnitt frå 3. oktober 2011

Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp. Årsgjennomsnitt (millionar kroner)

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt	42 947	41 767	41 562	43 728	45 887	49 218	50 439	50 413	50 356	50 450	50 315	51 179	49 762
Setlar i alt	39 271	37 811	37 429	39 429	41 382	44 523	45 858	45 838	45 704	45 676	45 463	46 379	45 509
1000-kronesetlar	24 713	22 599	22 167	23 555	24 649	25 818	26 179	25 371	24 382	23 134	21 678	21 180	19 798
500-kronesetlar	6 921	7 626	7 732	8 278	9 060	10 374	11 213	11 882	12 722	13 623	14 542	15 633	16 306
200-kronesetlar	4 446	4 573	4 674	4 792	4 819	5 296	5 381	5 522	5 580	5 846	6 103	6 335	6 251
100-kronesetlar	2 464	2 270	2 091	2 012	2 021	2 119	2 121	2 083	2 029	2 062	2 099	2 149	2 118
50-kronesetlar	727	744	765	793	833	916	964	980	993	1 012	1 041	1 080	1 036
Myntar i alt	3 677	3 955	4 133	4 299	4 506	4 695	4 581	4 575	4 652	4 774	4 853	4 800	4 254
20-kronemyntar	1 124	1 387	1 561	1 667	1 778	1 849	1 665	1 541	1 556	1 599	1 629	1 638	1 679
10-kronemyntar	1 111	1 085	1 051	1 049	1 076	1 145	1 214	1 259	1 276	1 307	1 323	1 317	1 150
5-kronemyntar	497	505	515	538	563	598	630	654	664	674	679	662	502
1-kronemyntar	641	666	686	718	753	799	845	884	912	941	962	943	767
50-øremyntar	174	182	191	199	208	218	228	237	245	253	260	241	156
10-øremyntar	130	130	129	128	128	86	:	:	:	:	:	:	:

Betalingsinfrastruktur

Tabell 5: Institusjonell infrastruktur

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Talet på bankar	:	153	152	148	149	147	149	149	149	145	142	138	137
Sparebankar	:	129	129	127	126	124	123	121	118	113	111	109	107
Forretningsbankar	:	16	15	13	14	15	16	18	20	20	19	17	18
Talet på filialar av utanlandske bankar i Noreg	:	8	8	8	9	8	10	10	11	12	12	12	12
E-pengeføretak	:	:	4	5	5	4	3	3	3	3	3	2	2

Tabell 6: Talet på avtaler

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Avtalar om nettbank	1 340 661	1 934 318	2 429 694	2 976 690	3 282 793	4 009 321	4 438 137	4 841 244	5 251 874	5 496 535	5 712 911	6 020 427	6 226 461
Avtalar om nettbank – personkunder	:	:	:	:	3 221 839	3 683 843	4 089 644	4 471 351	4 865 720	5 097 505	5 300 353	5 595 545	5 754 685
Avtalar om nettbank – føretaks-kunder	:	:	:	:	60 954	325 478	348 493	369 893	386 154	399 030	412 558	424 882	471 776
Avtalar om å tilby eFaktura – føretaks-kunder ¹	:	:	:	:	:	330	460	532	648	770	945	1 071	1 220
Avtalar om mottak av eFaktura – personkunder ¹	:	:	:	:	:	2 149 356	2 914 946	4 074 429	5 249 722	6 358 929	7 932 093	9 713 391	12 093 853
Avtalar om bedrifts-terminalgiro	:	:	:	:	:	27 904	28 707	29 127	32 983	33 466	26 153	15 129	15 963
Avtalar om Brevgiro	2 361 031	1 787 462	1 707 428	1 540 768	1 453 825	1 189 770	1 152 349	906 957	810 818	759 995	723 867	681 023	626 342
Avtalar om faste betalingsoppdrag (AvtaleGiro og Autogiro)	4 044 848	4 483 286	4 901 219	5 505 933	6 305 218	7 523 461	8 544 208	9 523 732	10 707 639	11 933 080	13 162 659	14 393 988	15 597 964
AvtaleGiro – betalings-mottakarar	6 473	6 883	7 194	7 905	8 761	9 554	10 373	11 135	11 945	12 619	13 130	13 572	16 417
Autogiro – betalings-mottakarar	1 200	1 265	1 232	1 187	1 243	1 441	1 350	1 170	1 342	716	708	690	654

1 Omfattar avtaler om sending og mottak av elektroniske fakturaer i banknettverk

Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Talet på utferda kort per 31. desember¹	6 081	6 395	6 931	7 616	7 872	9 187	9 908	10 629	11 644	12 190	12 345	12 612	12 611
Kort med chip	:	:	:	:	:	1 235	2 540	3 848	6 516	10 066	11 600	12 059	11 729
Kort med magnetstripe	:	:	:	:	:	7 953	7 368	6 781	5 127	2 124	745	553	882
Talet på funksjonar i utferda kort	10 075	10 575	11 322	12 298	12 449	14 169	15 335	16 772	17 837	19 015	19 480	19 826	20 275
Debetfunksjonar	7 991	8 212	8 600	9 326	9 107	10 138	10 519	11 899	11 789	12 968	13 564	13 620	14 274
BankAxept	4 287	4 362	4 527	4 985	4 894	5 537	5 569	6 218	6 057	6 620	6 897	6 945	7 157
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	3 704	3 850	4 073	4 341	4 214	4 601	4 949	5 681	5 732	6 349	6 667	6 675	7 117
Faktureringsfunksjonar (betalingskort utferda av internasjonale kortselskap)	445	438	451	470	451	478	522	535	542	528	593	572	569
Kredittfunksjonar	1 638	1 925	2 271	2 502	2 891	3 553	4 294	4 338	5 506	5 519	5 322	5 634	5 093
Nasjonale kredittkort	630	681	646	535	546	548	647	625	629	642	662	630	600
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	1 008	1 244	1 624	1 967	2 345	3 005	3 647	3 713	4 877	4 877	4 660	5 004	4 493
Innbetalingar på førehand (e-pengar)²	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	339
Talet på terminalar som aksepterer BankAxept-kort	73 832	82 294	93 456	94 386	96 591	100 021	109 821	119 953	122 359	125 684	130 397	138 034	141 999
Minibankar	2 144	2 188	2 217	2 180	2 184	2 250	2 272	2 283	2 253	2 193	2 194	2 157	2 115
Betalingsterminalar (EFTPOS)	71 688	80 106	91 239	92 206	94 407	97 771	107 549	117 670	120 106	123 491	128 203	135 877	139 884
Eigde av bankar	59 184	65 374	66 207	68 197	66 786	74 303	75 460	77 804	77 892	:	:	:	:
Eigde av andre	12 504	14 732	25 032	24 009	27 621	23 468	32 089	39 866	42 214	:	:	:	:
Talet på brukarstader med betalingsterminalar (EFTPOS) som aksepterer BankAxept-kort	49 328	52 705	59 100	63 976	73 242	78 656	85 490	94 708	96 152	97 722	100 758	105 726	110 282

1 Tala for kort frå og med 2013 omfattar e-pengekort og reisekontoar i kortsystem som ikkje er knytte til fysiske kort.

2 Talet på funksjonar gjeld førehandsbetalte Visa- og MasterCard-kort som er utferda av bankane.

Kunderetta betalingstenester

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2014

Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt	848,3	960,4	1 039,3	1 144,9	1 235,5	1 342,9	1 478,0	1 604,3	1 701,4	1 837,1	1 976,8	2 138,8	2 288,2
Debet- og kreditoverføringer (giro)	397,5	440,5	442,8	465,6	480,4	491,2	512,4	528,3	541,6	563,4	575,3	597,2	615,7
Elektronisk ¹	268,1	331,3	348,9	384,3	411,8	437,4	462,3	483,9	503,6	533,5	550,0	575,1	596,1
Blankettbasert	129,3	109,3	93,9	81,3	68,6	53,8	50,2	44,5	38,1	29,9	25,3	22,1	19,6
Betalingskort (varekjøp)	448,0	517,8	595,0	678,1	754,2	851,0	965,1	1 075,6	1 159,5	1 273,5	1 401,4	1 541,5	1 672,4
Elektronisk	439,0	508,0	584,7	664,2	737,9	830,7	960,3	1 073,2	1 157,7	1 271,8	1 399,6	1 539,4	1 670,4
Manuelt	9,0	9,8	10,3	13,9	16,3	20,4	4,8	2,4	1,9	1,7	1,8	2,1	2,0
Sjekk	2,9	2,0	1,5	1,2	0,8	0,7	0,5	0,4	0,3	0,2	0,2	0,1	0,1

1 Talet for elektronisk giro for 2001 inkluderer ikkje diverse kreditoverføringer, til dømes faste oppdrag.

Tabell 9: Debet- og kreditoverføringer (giro) (millionar transaksjonar)

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
I alt	396,7	440,3	442,8	465,6	480,4	491,2	512,4	528,3	541,6	563,4	575,3	597,2	615,7
Kreditoverføringer¹	343,5	393,9	395,5	418,2	431,6	441,3	455,1	468,8	476,0	492,7	499,3	514,7	528,0
Elektroniske	234,5	299,9	314,8	348,5	371,9	395,6	412,7	430,5	443,6	467,1	477,1	495,4	510,8
Bedriftsterminalgiro	143,8	153,2	164,4	160,2	95,8	51,5	46,1	43,2	44,1	44,9	47,1	14,5	14,5
Nettbank	62,0	81,4	101,5	138,4	227,8	293,6	318,8	340,4	349,6	371,3	378,1	427,1	435,8
Nettbankløysingar for personkundar	62,0	:	91,6	112,0	131,8	144,0	154,2	171,2	205,2	220,0	229,6	243,0	251,9
Nettbankløysingar for føretakskundar	:	:	9,9	26,4	96,0	149,6	164,6	169,2	144,4	151,4	148,4	184,1	183,8
Mobilbank	:	:	:	:	:	:	0,0	0,0	0,1	0,2	0,8	3,3	9,0
Mobilbankløysingar for personkundar	:	:	:	:	:	:	0,0	0,0	0,1	0,2	0,8	3,3	8,9
Mobilbankløysingar for føretakskundar	:	:	:	:	:	:	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,1
Telegiro	28,7	26,8	25,5	24,8	21,8	16,9	13,9	12,2	12,7	11,1	9,7	8,6	7,6
Andre elektroniske kreditoverføringer	:	38,5	23,4	25,1	26,4	33,6	33,8	34,7	37,1	39,5	41,5	41,9	43,9
Blankettbaserte	109,1	94,0	80,6	69,7	59,8	45,7	42,4	38,3	32,4	25,6	22,1	19,3	17,2
Bedriftsterminalgiro og nettbank med tilvising	5,6	4,9	4,2	3,0	2,6	1,0	1,7	1,3	1,2	0,9	0,7	0,6	0,5
Brevgiro	74,4	61,7	52,1	44,6	38,0	32,6	29,0	26,1	23,8	19,9	17,7	15,7	14,0
Giro levert inn på ekspedisjonsstad – kontobelastningar	28,3	27,1	24,4	22,0	19,2	12,1	11,7	10,9	7,4	4,8	3,8	3,0	2,6
Diverse giroar registrerte i bank ²	0,8	0,3	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Direkte debiteringar	33,6	31,3	34,1	35,8	39,9	41,8	49,6	53,4	59,9	66,4	72,8	79,7	85,2
Giroar leverte inn på ekspedisjonsstad – kontante innbetalingar	19,5	15,0	13,2	11,6	8,9	8,0	7,8	6,2	5,7	4,3	3,2	2,8	2,4

1 Talet for 2001 omfattar ikkje somme kreditoverføringer, til dømes faste oppdrag.

2 Omfattar både kontante innbetalingar og kontobelastningar.

Tabell 10a: Betalingskort. Bruk av kort (millionar transaksjonar)¹

	2001 ²	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Bruk av norske kort i alt (i Noreg og i utlandet)	563,6	631,1	704,7	786,6	862,2	957,6	1 070,7	1 182,0	1 259,7	1 368,8	1 492,9	1 628,5	1 753,9
Varekjøp	448,0	517,8	595,0	678,1	754,5	851,0	965,1	1 075,6	1 159,5	1 273,5	1 401,4	1 541,5	1 672,4
Varekjøp utan kontantuttak	323,8	385,2	456,8	533,6	618,5	769,1	887,4	1 002,4	1 088,5	1 208,3	1 340,8	1 485,6	1 621,2
Varekjøp med kontantuttak	124,2	132,6	138,2	144,6	135,9	81,9	77,7	73,2	71,1	65,2	60,6	55,9	51,1
Kontantuttak utanom varekjøp	115,7	113,3	109,7	108,5	107,8	106,6	105,6	106,4	100,1	95,3	91,6	86,9	81,6
Bruk av norske kort delt inn etter funksjon	563,6	631,1	704,7	786,6	862,2	957,6	1 070,7	1 182,0	1 259,7	1 368,8	1 492,9	1 628,5	1 753,9
Debetfunksjonar	536,5	601,5	669,5	743,6	809,2	904,2	1 001,4	1 102,9	1 172,1	1 270,6	1 375,3	1 487,7	1 589,2
BankAxept	496,7	548,3	615,3	681,7	745,7	817,4	896,1	987,7	1 045,0	1 123,6	1 207,7	1 299,1	1 366,8
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	39,8	53,2	54,2	61,9	63,5	86,8	105,3	115,2	127,1	147,0	167,6	188,6	222,4
Faktureringsfunksjonar (betalingskort utferda av internasjonale kortselskap)	14,8	13,9	14,8	16,3	19,1	17,7	20,5	22,6	21,4	19,1	19,5	20,8	21,0
Kredittfunksjonar	12,3	15,7	20,4	26,7	33,9	35,7	48,8	56,5	66,2	79,1	98,1	119,7	142,6
Nasjonale kredittkort	3,6	4,5	5,3	5,7	6,1	6,5	7,8	8,8	8,0	6,7	6,2	6,3	5,9
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	8,8	11,2	15,1	21,0	27,8	29,2	40,9	47,8	58,2	72,4	91,9	113,5	136,7
Innbetalingar på førehand (e-pengar)³	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	0,3	1,1
Bruk av norske kort i utlandet	26,2	31,5	36,2	38,3	38,8	50,6	70,4	74,4	82,7	103,4	122,9	154,4	192,5
Varekjøp	19,0	23,2	27,0	29,8	30,6	42,3	58,2	60,3	69,0	88,9	107,7	138,4	175,8
Kontantuttak	7,1	8,3	9,2	8,6	8,3	8,3	12,2	14,1	13,7	14,5	15,2	15,9	16,7
Bruk av utanlandske kort i Noreg	7,8	8,6	9,5	10,8	13,6	14,3	14,3	16,3	17,5	19,3	22,5	27,1	31,6
Varekjøp	6,5	7,3	8,1	9,3	12,4	12,6	11,7	13,5	15,1	17,0	20,1	24,7	29,6
Kontantuttak	1,3	1,4	1,4	1,5	1,3	1,7	2,7	2,8	2,4	2,3	2,4	2,3	2,0

1 Tala i tabellen gjeld manuell og elektronisk bruk av kort (i betalingsterminalar, minibankar og over Internett).

2 Tala for 2001 inkluderer ikkje bruk av internasjonale betalingskort og nasjonale kredittkort i terminalar eigde av andre enn bankar og oljeselskap. Tala for bruk av internasjonale betalingskort i betalingsterminalar inkluderer også bruk av kort over Internett.

3 Omfattar registrert bruk av universelle gavekort i Noreg og førehandsbetalte Visa- og MasterCard-kort som er utferda av bankar i Noreg. Talet for 2012 omfattar berre bruk av førehandsbetalte kort i EFTPOS-terminalar som aksepterer BankAxept. Talet for 2013 omfattar all bruk av korta i Noreg og utlandet.

Tabell 10b: Betalingskort. Bruk av betalingsterminalar (millionar transaksjonar)

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Bruk av norske og utanlandske kort i innanlandske terminalar¹	578,3	633,3	709,6	780,9	857,3	941,1	1 035,1	1 146,3	1 221,4	1 308,6	1 412,7	1 526,4	1 620,1
Kontantuttak frå minibankar	109,0	103,5	102,1	99,3	98,7	99,8	95,9	94,9	88,8	83,0	78,7	73,3	66,8
Varekjøp i EFTPOS-terminalar som aksepterer BankAxept	446,1	500,8	575,6	638,5	718,1	797,6	868,1	967,5	1 064,5	1 151,2	1 236,8	1 348,7	1 433,6
Av dette bruk av BankAxept ved varekjøp med kontantuttak	124,2	132,6	138,2	144,6	135,9	81,9	77,7	73,2	71,1	65,2	60,6	55,9	51,1
Varekjøp i andre norske betalingsterminalar	23,2	29,0	31,9	43,1	40,5	43,7	71,0	84,0	68,2	74,4	97,2	106,2	119,7
Bruk av norske kort i innanlandske terminalar	571,2	621,7	696,2	772,3	846,8	927,0	1 021,9	1 130,0	1 203,9	1 289,2	1 390,0	1 499,6	1 588,9
Kontantuttak frå minibankar	107,7	102,1	100,3	99,2	98,8	98,1	93,3	92,1	86,4	80,7	76,3	71,0	64,8
BankAxept	102,0	96,6	95,6	93,2	91,7	88,7	86,7	84,5	78,9	74,6	70,5	65,3	59,5
Nasjonale kredittkort	1,2	1,0	1,4	1,1	0,8	1,1	0,9	0,8	0,7	0,7	0,6	0,6	0,6
Kort utferda av internasjonale kortselskap	4,5	4,5	3,3	4,9	6,3	8,4	5,6	6,8	6,7	5,4	5,2	5,0	4,8
Varekjøp i betalings-terminalar	463,5	519,6	595,9	673,1	748,0	828,9	928,6	1 037,9	1 117,5	1 208,5	1 313,7	1 428,3	1 523,5
BankAxept – varekjøp (inklusive kjøp med kontantuttak) i EFTPOS-terminalar	394,7	451,7	519,7	588,4	654,1	728,7	809,4	903,1	966,1	1 048,9	1 137,1	1 233,6	1 307,1
BankAxept – varekjøp	:	:	:	:	:	:	:	0,0	0,0	0,1	0,2	0,2	0,3
Nasjonale kredittkort – varekjøpa	2,0	3,0	3,8	4,1	4,8	5,3	6,7	7,8	7,1	5,8	5,3	5,3	5,1
Kort utferda av internasjonale kortselskap – varekjøp	29,7	34,4	41,9	51,8	61,3	70,4	90,9	105,9	119,5	133,5	154,6	166,6	185,7
E-pengekort – varekjøp ²	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	0,2	0,6
Oljeselskapa sine kort	37,1	30,5	30,4	28,8	27,8	24,5	21,6	21,1	24,8	20,3	16,7	22,4	24,5
Bruk av utanlandske kort i terminalar i Noreg	7,1	11,6	13,4	8,5	10,5	14,1	13,2	16,3	17,5	19,4	22,7	26,8	31,2

1 Gjeld bruk av kort i alle norskeigde terminalar utplasserte i Noreg og utlandet. Varekjøp i innanlandske betalingsterminalar gjeld også bruk av kort over Internett. Frå og med 2013 er betalingar frå reisekontoar i kortsystem utanom Internett også inkluderte.

2 Gjeld bruk av universelle gåvekort, førehandsbetalte Visa- og MasterCard-kort. Talet for 2012 omfattar berre bruk av desse korta i EFTPOS-terminalar som aksepterer BankAxept. Talet for 2013 omfattar all terminalbruk i Noreg.

Tabell 10c: Bruk av kort over Internett (millionar transaksjonar)¹

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Bruk av norske kort i alt (i Noreg og i utlandet)	23,3	30,1	38,7	46,5	55,3	74,6	95,4
Bruk av norske kort i Noreg	11,2	15,4	21,3	24,5	27,8	31,9	33,8
Bruk av norske kort i utlandet	12,1	14,7	17,4	22,0	27,5	42,7	61,6
Bruk av utanlandske kort i Noreg	1,6	1,8	2,5	2,6	3,5	3,8	4,3

1 Bruk av kort over Internett er med i tala for varekjøp og kortbruk inndelt etter funksjonar i tabell 10a. Bruk av utanlandske og norske kort i norske nettverk er også med i tala for bruk av innanlandske terminalar i tabell 10b.

Tabell 11: Overføringer over landegrensene registrerte i valutaregisteret (millionar transaksjonar)

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Overføringer frå Noreg til utlandet	5,4	6,3	6,5	6,8	7,3	8,1	9,0	9,9
SWIFT ¹	5,2	5,9	5,9	6,1	6,6	7,3	8,0	8,7
Valutasjekk	0,1	0,1	0,2	0,2	0,2	0,2	0,1	0,1
Andre overføringer (MoneyGram, Western Union m.fl.)	0,2	0,3	0,4	0,5	0,6	0,6	0,9	1,2
Overføringer til Noreg frå utlandet	2,8	2,8	2,9	2,9	3,1	3,4	3,6	4,3
SWIFT	2,8	2,7	2,8	2,9	3,1	3,3	3,5	4,2
